



Månadsbrev frå Tissemaurgruppa

Me er komme godt i gang med det nye året, og er alt ferdig med den mørkaste månaden. No nyt me det fine vinterværet.


Som de sikker har lagt merke til lesar me mykje om Albert Åberg no om dagen. Me har bokprosjekt om han, og det går stort sett ikkje ein dag utan at me snakkar eller les om han. Alle barna er blitt veldig glad i Albert, og han får mange klemmar og kosar i løpet av dagen. Me har lest mange forskjellige bøker og dei omhandlar daglegdagse ting som både små og store kjenner seg igjen i. Etter at me har lest ei bok får barna teikne noko frå boka. Dette samlar me inn, og det skal bli kvart barns litle Albert Åberg bok. Me er godt i gang og arbeider mykje i grupper. Prosjektet blir litt til mens me går. Men målet er at det skal ende opp i ein fin fest. Me tenkte å feira bursdagen til Albert 24 feb.,(me veit ikkje om han har bursdag då, men me kan jo leike det 😊).

Det blei ikkje så mykje turgåing i desember men har no tatt opp tråden igjen. Torsdagen er no vår bussdag, så då har me som regel ei lita gruppe på tur. På tysdagen går me på tur i nærområdet så sant det lar seg gjera.

Me hadde ein kjempe fin tur til SIM sin miljøstasjon på Heiane. Dette var ein minnerik dag med mange inntrykk, både med store maskinar og mykje boss. Her fekk me lære litt om boss-sortering og om gjenbruk. Ein nyttig dag for små og store.

I februar vil me rope hipp hurra for dei som har bursdag:

- Tobias 4 år
- Siggie 5 år
- Iman 5 år



Då vil me ønska alle ein fin vintermånad.

Mvh Lene, Ingrid, Inger Marit og Audhild☺